



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Aukra sokne- og fellestråd**

Skogvegen 1 A  
6480 AUKRA  
Tlf: 71171540  
kyrkjekontoret@aukra.kommune.no  
[www.aukrakyrkje.no](http://www.aukrakyrkje.no)  
[Org.nr.: 976997654](https://orgnr.no/976997654)

## **MØTEREFERAT**

**Utval:** Aukra Sokne- og fellestråd (SFR)  
**Møtedato:** Torsdag 25. mars 2021  
**Møtetid:** 1840-2100  
**Møtestad:** Kyrkjelydshuset

### **Desse medlemmer møtte:**

Svein Løwe, Odd Arve Orten, Eva Beate Nybø, Hanne Katrine Småge, Anne Berit Oterhals Skrede, Arne Hjelmås, Berit Marie Sporsheim og Kristian Finn Risung (8)

**Forfall:** Sissel Kvist og Anne Beate Storbakk (2)

**Vara:** Rune Vågøy og Peder Nedrelid (2)

**Elizabeth Stewart Søvik (kyrkjeverje) :** referent.

**Opningsord v/ Svein Løwe**

### **SR/FR-sak**

**Sak 11: GODKJENNING AV:**

**A. Innkalling**

**Merknader:**

- Ny sakliste (versjon 2) blei sendt ut 24. mars
  - Utsending – Elin Dale får ikkje tilsendt møteinnkallinger
  - Sak 15.8: skrivefeil skal vere Kyrkjevegen 2 og ikkje Skogsvegen 2. Er korrigerert.
- B. Referat møtet 11.02.2021 – ingen merknader**

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

1. Innkallinga av 24. mars med rettingar vert godkjend
2. Referatet frå møte 11.02.2001 vert godkjend.

### **Vedtak:**

Framlegget vert godkjend

**Sak 12: KONTRAKT I SAMBAND MED BRANNSLOKKINGSANLEGG I AUKRA KYRKJE**

### **FRAMLEGG TIL VEDTAK :**

1. AU tilrår at kontrakten blir signert etter at Aukra Sokn får nøyaktig og omforent framdriftsplan frå Multiconsult innan 16. april 2021.
2. Når einigheit om framdriftsplan er på plass, så skal den vere ein del av kontrakten og derfor må signerast på nytt.

3. Vi observerer at kontraktframlegget som vi har purra på fleire gonger og mottok 17. mars, var signert i Bergen av Multiconsult sin rådgjevar 3. februar 2021. Vi ber om at datoane blir retta i nytt kontraktframlegg.

**Vedtak i AU:**

Framlegget blei godkjend.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK I SFR :**

1. AU tilrår at kontrakten blir signert etter at Aukra Sokn får nøyaktig og omforent framdriftsplan frå Multiconsult innan 16. april 2021.
2. Når einigheit om framdriftsplan er på plass, så skal den vere ein del av kontrakten og derfor må signerast på nytt.

Vi observerer at kontraktframlegget som vi har purra på fleire gonger og mottok 17. mars, var signert i Bergen av Multiconsult sin rådgjevar 3. februar 2021. Vi ber om at datoane blir retta i nytt kontraktframlegg.

Det blir foreslått eit tilleggspunkt som skal tilførast tilrådinga:

4. Dersom ikkje kontrakten slik vi har nemnd, ligg føre pr 16. april, opplever vi oss fri til å inngå kontrakt med anna leverandør av konsulent-tenester.

Framlegget blei godkjend.

**Vedtak i SFR:**

1. AU tilrår at kontrakten blir signert etter at Aukra Sokn får nøyaktig og omforent framdriftsplan frå Multiconsult innan 16. april 2021.
2. Når einigheit om framdriftsplan er på plass, så skal den vere ein del av kontrakten og derfor må signerast på nytt.
3. Vi observerer at kontraktframlegget som vi har purra på fleire gonger og mottok 17. mars, var signert i Bergen av Multiconsult sin rådgjevar 3. februar 2021. Vi ber om at datoane blir retta i nytt kontraktframlegg.
4. Dersom ikkje kontrakten slik vi har nemnd, ligg føre pr 16. april, opplever vi oss fri til å inngå kontrakt med anna leverandør av konsulent-tenester.

**Sak 13:                   PARKERING FOR FUNSKJONSHEMMA UTANFOR AUKRA KYRKJE**

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Løysinga nærmaste kyrkja er ynskjeleg. Kyrkjeverja undersøker om økonomiske ansvar og kostnader.

**Vedtak i AU:**

Framlegget blei godkjend.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK I SFR:**

1. Løysinga nærmast kyrkja er ynskjeleg. Kyrkjevevja opprettar prosjekt og ber kommunen om å utarbeide planar og kostnads-budsjett som kan brukast til å fremme saka for kommunestyret for å be om midlar.

2. Det må monterast lys på parkeringsplassen og parkeringsplassen utanfor kyrkjestova.

**Vedtak:**

Framlegget til vedtak i SFR vert godkjend.

**Sak 14 NOTAT FRÅ SVEIN LØWE: PROSJEKTA I KYRKJELYDEN VÅR**

**FRAMLEGG TIL VEDTAK:**

Etter ei grundig diskusjon om notatet, meiner AU at emne er for stort for eit vanleg møte. Det kan heller blir teke opp i ein tema dag. Då skal notatet drøftast og SFR kan kome fram til vedtak om organisering og evt. løysingar. Kyrkjevevje legger fram dato på neste SFR-møtet.

**Vedtak i AU:**

Framlegget blei godkjend.

**FRAMLEGG TIL VEDTAK I SFR:**

1. Det blir oppretta tema-dag torsdag 6. mai kl 1600-2100
2. SFR med vara og staben er inviterte til å delta.
3. AU utarbeider programmet og elles struktur for dagen.

**Vedtak:**

Framlegget blei godkjend

**Sak 15:**

**REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER:**

- 15.1 PÅSKEGUDSTENESTER 2021 – PÅMELDING MM.** Gudstenester fram til 12. april er avlyst etter nasjonale tiltak og melding frå bispekontoret 24. mars.
- 15.2 REPRESENTASJON KIRKENS SOS** – viser til vedtak i AU av 16. mars sak nr 9-21. Teke til orientering.
- 15.3 SAKTRISTIET** – prosjektrekneskap og status. Ikkje alt er bokført pr dd. Rekna med å legge fram prosjektrekneskapen på neste møtet. Elizabeth orienterte om status.
- 15.4 AUKRA KYRKJE – UTSKIFTING AV RØR-OMNAR-**saka var delegert til AU i førre møte. Vedtak frå AU (AU-sak 11-21) var vedlagt og teke til orientering.
- 15.5 BEMANNINGSSTODA KYRKJEKONTORET** – trusopplæraren er framleis sjukmeldt (55% av 90%) – til slutten av april. Ho har heimekontor i 45%. Elizabeth orientert at vikarordning må vurderast frå mai.
- 15.6 SMITTEVERN PR DD.** – ny nasjonale tiltak frå 25. mars til 12. april. Bl.a maks 20 stk i kyrkja og 50 stk gravferd.
- 15.7 SALMEBOK UTDELING TIL 9 ÅRINGER** – vi har delt ut 12 stk: 7 i Aukra kyrkje, levert 3 stk på Gossen og 2 stk på Julsundet. Det var

sendt ut 29 invitasjonar i posten. Vi har hengt opp plakater i butikkene på Gossen, Julsundet, KLH, kyrkja, facebook og heimesida.

- 15.8 NABOVARSEL** – oversendt med innkallinga. Gjeld Kyrkjevegen 2. Teke til orientering.
- 15.9 KYRKJEBLAD** – det kom ynskje frå Svein Løwe at dette blir teke opp i neste SFR-møte. Elizabeth orientert at det har ikkje vore årsmøte enno då rekneskapen er ikkje revidert pr dd.
- 15.10 INNKJØP GRESSKLIPPER** – Elizabeth orientert at det er behov for innkjøp av ny gressklipper i 2021 budsjett – cirka 100 000. Rekna med at det haldar denne **sesongen**.
- 15.11 MØTEGODTGJERING OG ANDRE GODTGJERING FOR 2020** – ikkje alle har fått i mars. Dei som har ikkje fått må si ifrå snarast.
- 15.12 KATOLSK GUDSTENESTE 1. PÅSKEDAG** – den er avlyst.
- 15.13 GRAVPLASSFORVALTNING** – det var diskusjon om ansvar (kommunen) og ny trus- og livsytelseslov gjeldande frå 1. januar 2021.

Aukra 30. mars 2021

Eva Beate Nybø  
Leiar  
(sign)

Elizabeth Stewart Søvik  
Kyrkjeverje/sekretær  
Tlf: 71171540/90838155